



Arkivnr: 2014/10532-25

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Kurs i regi av Deloitte AS

Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.7.2012. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg 1 Kravspesifikasjon punkt 4:

«*REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidrarar i fylkesadministrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar per rekneskapsår.»*

Kontrollutvalet handsama sak om val av kurs i møte 13.02.2017 der det vart gjort m.a. slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan «Korleis lage gode bestillingar i forvaltningsrevisionar og selskapskontroller» 27.03.17
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan «Lov om offentlege anskaffingar, inkl. kontraktsoppfølging» 15.06.17
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan «Habilitet» 25.09.17 ev. 29.11.2017
4. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet tar opp med administrasjonen om dei ønskjer å nytte noko av kurskvoten.
5. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Drøfting

Sekretariatet har no motteke slik førespurnad frå regionalavdelinga, næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune:

«*Til kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune,*

Førespurnad om bruk av Deloitte i samband med kurs for styremedlemer oppnemnd av Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget vedtok 6.mars 2015 (PS 17/15) at alle styremedlem som sit i styrer i selskap fylkeskommunen eig skal gjennomføre opplæring i styrearbeid i løpet av valperioden. Opplæringa er obligatorisk.

I samband med opplæring ønsker vi å bruke Deloitte i den juridiske delen av opplæringa og ber med dette om å bruke nokre av dei timane som er regulert i rammeavtalen mellom Deloitte og Hordaland fylkeskommune. Det er tenkt bruk 3 timer på denne delen av opplæringa, og vil omfatte tema som driftsformer, styreansvaret og aksjelova.

Alternativ kostnad for fylkeskommunen kan sendast på førespurnad.

Vi ber om at kontrollutvalet vurderer førespurnaden og melder attende til underteikna kva avgjerda blir.»

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier ja til denne førespurnaden, jf. punkt 4 i vedtaket frå møte i kontrollutvalet 13.2.2017

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek at regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune kan få nytte 3 timer av kurkveten for 2017, som ligg i avtalen med Deloitte AS, til kurs i styrearbeid for styremedlemmer i selskap fylkeskommunen har eigarskap i.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.